

Årsmøte 2023 Førde IL langrenn – Innstilling frå valnemnda

Valnemnd: Ørjan Igelkjøn og Gry Aase Alnes

Kommentar til valnemnda sitt arbeid:

Styret i Førde IL langrenn har i 2022 hatt 7 medlemmar. Dette ynskjer ein å halde fram med. I tillegg ynskjer valnemnda å innstille ein vararepresentant. Fire medlemmer i styret er på val, inkludert leiar. For å ha kontinuitet har valnemnda hatt som mål å få kandidatar til å ta attval. Valnemnda har hatt eitt fysisk møte 26.01.23, samt fleire samtalar over telefon og ein del elektronisk kommunikasjon. Medlemmane i noverande styre har alle blitt spurd om å ta attval. Leiar Yngve Thorsen tar attval. Styremedlem Kristine Steindal tek attval. Styremedlem Monica Otternes tek attval for eitt år. Styremedlem Lars Grøteide tek ikkje attval. Valnemnda sitt forslag til nytt styremedlem er Bjørnar Karlsen. Bjørnar har fleire barn som er aktive i gruppa, og er ein person valnemnda ser på som ein god kandidat til det nye styret. Valnemnda sitt forslag til vararepresentant er Mari Furnes. Mari har barn som har vore aktive i mange år, og kjenner miljøet i langrennsgruppa godt frå før. Valnemnda ser på Mari som ein god vararepresentant, som kan bidra om det skulle oppstå behov. Valnemnda tenkjer at styret konstituerer seg sjølv, og bestemmer i kva grad ein vel å kalle inn vararepresentanten.

Dagens styre i Førde IL langrenn:

- Yngve Thorsen (på val, leiar vert vald kvart år)
- Tonje Bjørset (ikkje på val)
- Monica Otternes (på val)
- Anders Bjørkhaug (ikkje på val)
- Kristine Steindal (på val)
- Mariann Amsrud Husa (ikkje på val)
- Lars Grøteide (på val)

Valnemnda sitt framlegg til nytt styre:

- Yngve Thorsen (leiar, vald for 2023-2024)

- Tonje Bjørset (vald for 2022-2024)
 - Monica Otternes (attval - vald for 2023-2024)
 - Anders Bjørkhaug (vald for 2022-2024)
 - Kristine Steindal (attval - vald for 2023-2025)
 - Mariann Amsrud Husa (vald for 2022-2024)
 - Bjørnar Karlsen (ny, vald for 2023-2025)
-
- Mari Furnes (ny, vararepresentant, vald for 2023-2024)

Valnemnd:

Ny valnemnd vert vald på årsmøtet, etter innstilling frå styret. Praksis har vore at dei som går ut av styret dannar ny valnemnd. Det er høve til å velje andre personar. Valnemnda består av minst to personar.

Ørjan Igelkjøn og Gry Aase Alnes